



Ivar Alver  
Soltveitvegen 51  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1362 - 19/32777

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
06.11.2019

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 132/22

**Tiltak:** Avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 132/22 Soltveit nordre  
**Tiltakshavar:** Ivar Alver  
**Ansvarleg søker:** Ivar Alver

Delegasjonssak nr.: 633/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for gbnr 132/22 datert 07.05.2019 med tilleggsopplysningar sendt inn 23.09.2019.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det vart sendt ut mangelbrev vedkomande manglende dokumentasjon ved fyrste søknad.

Vegavdelinga var på synfaring og diskuterte ulike løysingar på staden saman med søker som skulle sende inn nye målsette skisser.

#### Vurdering/drøfting:

Tilleggsinformasjon i form av målsett teikning er sendt inn. Sikt linjer, profil og høve for å snu på eiga tomt er tatt med. Dagens avkjørsle til eigedommen er ikkje eigna for bil og vert nytta som gangveg inn til huset. Det vert parkert langs med offentleg veg. Dagens avkjørsle/gangparsell ligg ved ein svært bratt veg ned mot ein barnehage i området. Dei som leverer og henter i barnehagen går ned denne vegen som ikkje er eigna for bilkøyring. Då eksisterande avkjørsle ikkje er eigna for bruk av bil og med tanke på gangtrafikk til/frå barnehage, vil ei ny avkjørsle etter innsendt teikning vere med å betre sikkerheita i området rundt den bratte vegen ned mot barnehagen.

Kommunen set i utgangspunktet krav om at ein eigedom berre skal ha ei avkjørsle. Dagens avkjørsle er ikkje eigna for bil og vert i dag nytta som gangveg. Det vert difor vurdert til at det ikkje er behov for å stenge dagens avkjørsle i samband med etablering av ny.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt tillatelse til avkjørsle frå kommunal veg til gbnr 132/22 med bakgrunn i innsendt teikning.



Ynskjer samstundes å gjere merksam på at dette berre gir løyve til avkjøring frå kommunal veg. Ei evt. etablering av ny avkjørsle er søknadspliktig tiltak i samsvar med plan og bygningslova.

#### Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til oppretting av avkjørsel til kommunal veg på gbnr 132/22 med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida i samsvar med skisser i søknaden og slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt veginivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

#### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ivar Alver

Ivar Alver

Soltveitvegen 51      5911

Soltveitvegen 51      5911

ALVERSUND

ALVERSUND